



TINE-sjåføren har kome til Sandakaiaen og har det travelt!

Det er mange slags transport over og langs Storsundet. Om sommaren er det både staselege cruisebåtar og smekre seilbåtar å sjå i sundet. Mindre kjend er det at det også går ein transportveg på tvers - mellom Uskedalen og Skorpo - og at den er aktivisert året rundt. Og her gjeld det ikkje berre transport av folk og varer - dette er også ei mjølkerute.



Mjølka er sugd opp og det er klart for returen til Skorpo

TINE er på Sandakaien og hentar mjølk 5 gonger på to veker. Det er 3 gonger den eine veka og 2 gonger den andre, fortalde gardbrukar Anja Strüter då ho i morgpontimane i dag kom med tanken på båten og fekk den tømt av TINE-sjåfør Norvald Hauge frå Sunde. Han har eit svært stramt henteprogram og det tok ikkje mange minuttane for han å gjera unna hentinga på kaien.

Mjølkekvantumet frå Søre Skorpevågen er 198 liter etter 3 dagar og 132 etter 2 og det skulle tilsaman bli 330 liter. Dei som presterer det er 6 gode Jersey-kyr, ein rase som er heller småvokst men som særleg er kjent og omtykt av dei som vil satsa på spørproduksjon.

- Og vi har satsa på smør i alle år, fortel Anja rå Bremerhaven i Tyskland, som no har 8 år bak seg på Skorpo.

Ho fortel at Ole Kristoffer Vågen akkurat i desse dager er bortreist for å læra meir om slik produksjon. Det skal satsast enda meir på framifrå mjølkeprodukt på Skorpo.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen